

## **Arbeidsinstruks for tenestegruppeleiarar i Vigra Indremisjon.**

Tenestegruppeleiarar er innsett av styret, og rapporterer til dei, gjennom sin kontaktperson i styret. Gruppeleiarane har ansvaret for sin eller sine grupper. Her har dei ansvaret for å legge til rette for utvikling og engasjement i tenestegruppa. Dei skal ha eit tenande sinn ovanfor dei andre i gruppa. Dei bør ha fokus på samhold og relasjonar og felles identitet i gruppa. Gruppeleiarane er ein del av leiinga i Vigra indremisjon og blir invitert til å møte i eigne leiarmøte saman med dei andre gruppeleiarane og styret/hyrderåd.

Gruppeleiarane er førebilete i liv og lære, og det kvilar difor eit ekstra ansvar på dei at ein sjølv lever i lyset med livet sitt, og at ein lever i Guds nærleik med ei lyttande innstilling.

Gruppeleiarane har i særleg grad desse oppgåve med tanke på å utruste menneske i forsamlinga:

- Vere gode førebilete i liv og lære.
- Ha eit tenande sinn.
- Ha omsorg for den enkelte medlem i sin gruppe.
- Elske fram nådegåver i gruppa.
- Sjå, oppmuntre og nøre medlemmane i sin gruppe til arbeid og teneste.
- Arbeide i høve instruks og fokusområde som styret/hyrderådet legg opp til.
- Ha det overordna ansvaret for at sin tenestegruppe utfører dei oppgåvane dei har sagt seg villige til å gjere.

Vigra indremisjon skal ha følgjande fokusområde i sitt arbeid:

1. Utrustande leiarskap – fokus på å utruste nye leiarar. Oppmode til opplæring og utdanning.
2. Nådegåvebasert teneste – rett person på rett plass, i alle ledd.
3. Engasjert trusliv – fokus på disippelgjering.
4. Funksjonelle strukturar – relevante og tidsrette.
5. Inspirerande gudstenester – relevante og engasjerande fellesskap.
6. Livsnære grupper – ein arena for åndeleg og sosial utvikling.
7. Evangelisering – hjelpe menneske til å bli kjent med Jesus.
8. Diakoni – elske vår neste som oss sjølve.
9. Varme relasjonar og omsorg – innan forsamlinga, og ut mot andre menneske.